



HÅNDSLAV TIL VÅR ELDSTE
Georgernes verft 28
5011 Bergen

Dato: 23.11.2017
Vår ref.: 2017/847-53
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Jan Holdhus

Prosjektilskot: Kunst og kultur - profesjonell - Underretning om tildeling

Vi viser til dykkar søknad om tilskot i ordninga *Prosjektilskot: Kunst og kultur – profesjonell*, hausten 2017.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 15.11.2017, politisk sak 138/17 vedteke å tildele dykk 17000 kr i tilskot.

Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 20170901 var det kome inn 84 søknader. Samla søkesum var 3.433.376,- kroner. Det er totalt 539000 kr til fordeling under *Prosjektilskot: Kunst og kultur – profesjonell* hausten 2017.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningslinjer.

Fylkesrådmannen si innstilling vart vedteke, sjå politisk sak:

Vedlegg med individuell grunngjeving:
vedleggPolitiskSakKIRU17/138

Vilkår for tilskotet - Oppfølging, rapportering og kontroll

- Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgevar. Dokumentasjon av dette skal leggst ved rapport.
- Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- For fagleg oppfølging og vurdering må dei som søker om tilskot til arrangement på førespurnad kunne gje akkreditering til inntil 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga.
- Dei som får tilskot til publikasjonar må levere minimum 1 eks av denne til Hordaland fylkeskommune når denne er ferdigstilt.
- Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.
- Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format

Utbetaling

Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format.

Elektronisk fakturaadresse: **9908:938626367**

Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2017/847

Ressursnummer: 12564

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. Vi ber om at de sender inn elektronisk faktura innan 13. desember d.å.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt, og eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Midlane er løyvd over 2017-budsjettet og må difor betalast ut i 2017. Dersom de ikkje har høve til å sende elektronisk faktura i EHF-format, innan 13.12.17, kan de sende e-post til hfk@hfk.no der de stadfester at prosjektet går som skissert i søknaden, og at de aksepterer tilskotet med dei føringane som ligg føre. Merk e-posten med saksnummer 2017/847. Det kan då ordnast med alternativ utbetaling.

Rapportering/rekneskap

Rapporten skal sendast til hfk@hfk.no **merka med saksnummer 2017/848** innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført. Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av:

- Når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette vart gjort.
- Eventuelle avvik frå vilkåra med nærare grunngjeving.
- Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving
- Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka *Klage – 2017/904*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst fylkesdirektør kultur og idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.